



REGIONAL SAMARBEIDSAVTALE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og SIVA



Innhold

Bakgrunn	1
Status januar 2018.....	2
Avtalen for 2018.....	4
Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Forskningsrådet og SIVA skal i 2018:.....	4
Særskilte forventingar til Møre og Romsdal fylkeskommune:	5
Særskilte forventingar til Innovasjon Norge	5
Særskilte forventingar til Forskningsrådet	6
Særskilte forventingar til SIVA.....	6
Oppfølging av avtalen.....	6
Årshjul for oppfølging av Regional samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen, Forskningsrådet, Innvoasjon Norge og SIVA	6

8. JANUAR 2018

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Bakgrunn

På nasjonalt nivå vart fylkeskommunane Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og SIVA hausten 2017 einig om ein samarbeidsmodell som gir rammer for dialogen mellom dei fire aktørane, på nasjonalt og regionalt nivå. Målet er å forsterke arbeidet for ei positiv samfunnsutvikling gjennom sektorovergrepande og heilskaplege løysingar der virkemidlane blir sett i samanheng.

Samarbeidsmodellen mellom aktørane legg opp til at det vert underteikna forpliktande samarbeidsavtalar på regionalt nivå. Formålet med samarbeidsavtalane er ein sterkare styringsdialog og retning for samfunnsutviklingsarbeidet fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og SIVA skal gjere, basert på regionale forutsetningar og prioriteringar.

Samarbeidsavtalen skal ta utgangspunkt i regionale planar og strategiar for næringsutvikling, forskning og innovasjon. I Møre og Romsdal er arbeidet forankra i Fylkesplan 2017-2020, og i to Fol-strategiar: strategi for næringslivet og strategi for kommunal sektor. Strategiane og fylkesplanen er utarbeidd i samarbeid med akademia, næringsliv og kommunar i Møre og Romsdal.

- [Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020](#)
- [Forskning og innovasjonsstrategi for kommunal sektor 2017-2020](#)
- [Forskning og innovasjonsstrategi for næringslivet 2016-2020](#)

Fylkestinget har i tillegg gitt føringar for arbeidet i Økonomiplan 2018-2021.

Som oppfølging av arbeidet med Fol-strategi for næringslivet gjennomførte fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Forskningsrådet hausten 2017 fire dialogmøte; i Ålesund, Volda, Rauma og Kristiansund, for å få innspel til operasjonalisering av strategien. SIVA deltok på eitt av dialogmøta. Innspel frå dei meir enn 110 frammøtte i dialogmøta inngår i grunnlaget for prioriteringar i 2018.



Status januar 2018

Utfordringar og mulegheiter for Møre og Romsdal

Møre og Romsdal 2025

Fol-strategiane peikar på behovet for å styrke omdømme og attraktiviteten til Møre og Romsdal. Møre og Romsdal må vere attraktiv i konkurranse om arbeidskraft, bedriftsetableringar og tilgang på kapital.

I det nye fylkeskartet, blir Møre og Romsdal eitt av dei mindre fylka. Konkurransen med større byar og regionar om midlar, oppgåver og arbeidsplassar, er ei utfordring. Vi må forsterke det fortrinnet vi har med god oversikt og tett samhandling i innovasjonssystemet. Vi må aktivt arbeide for å bygge saman fylket, og samarbeide for å tiltreke nasjonale oppgåver og hub-funksjonar, som styrker kompetansmiljø og gir meir robuste arbeidsmarknader. Vi vil i 2018 starte eit breitt samarbeid for å styrke fylket gjennom «Møre og Romsdal 2025».

Nordmøre og Søre Sunnmøre er særleg ramma av oljenedturen. Vi må ha særleg merksemd på å stimulere omstilling og nyskaping i desse områda. Nordmøre har ein struktur med mindre lokalt eigarskap, nyetablering og bruk av verkemiddelapparatet. Det er derfor viktig at verkemiddelapparatet er særleg aktive medspelalar i utviklingsarbeidet her.

Havromsposisjonen

Havet er utgangspunkt for sterke bedrifter og næringsmiljø i fylket innan maritim, marin og petroleum, teknologiutvikling og kunnskapsmiljø. Sjømateksporten i 2017 var rekordhøg, og det er god utvikling for bedrifter innan havbruksteknologi og biomarin næring.

Store deler av næringslivet i Møre og Romsdal har vore leverandørar inn mot petroleumsnæringa. Nedgangen i oljeaktiviteten har gitt stor nedgang i aktivitet, tap av arbeidsplassar, tap av kapital og stort omstillingsbehov. Mange bedrifter viser imponerende evne til å omstille marknadsfokus og har posisjonert seg i veksande marknader i andre havnæringar, og næringa er nå meir diversifisert enn nokon gong. Parallelt er det sterk vekst i næringslivet sin bruk av FoU. Men omstillinga er ikkje over. Det er viktig i 2018 å både mobilisere til og støtte opp om innovasjon og omstilling. Situasjonen i dag er at det er ein sterk vekst i å ta i bruk forskning, men lite vekst i forskingskapasitet. For å bygge sterke havretta innovasjonsmiljø må vi arbeide for å styrke forskingskapasiteten både i bedrifter, forskingsinstitutt og universitet/høgskolar.

Vi må halde fast på fortrinnet med praksisnære kunnskapsmiljø, og samtidig tette band til nasjonale og internasjonale kunnskapsmiljø. Fol-strategien for næringslivet peikar på biomarin næring og muleggjerande teknologiar som to område der vi må bygge nasjonal forskning og ekspertkompetanse i regionen (SFI)

Grøne og berekraftige løysingar

Berekraftige produkt og tenester er ein føresetnad for alle verksemder, og gir utfordringar men og mulegheiter for næringslivet i Møre og Romsdal. Internasjonale og nasjonale klimakrav forsterkar mellom anna behovet for å utvikle fornybare energikjelder, og det ligg eit stort potensial for grøn skipsfart og nye teknologiske løysingar.

Mange næringar i fylket har bra utvikling; møbelindustri, næringsmiddelindustri, prosessindustri og reiseliv. Men for all næringsutvikling må effektive og berekraftige produksjonsprosessar og

berekraft vere berebjelken for utvikling av nye løysingar, som og kan gi grunnlag for nye forretningsområde og forretningsmodellar.

Digitalisering er ein drivar for utvikling både for næringsliv og offentleg sektor, og vil gi mulegheiter for innovasjon og utvikling av nye varer og tenester. På tvers av privat og offentleg sektor er det behov for å auke evna til å ta i bruk digital kompetanse inn i ulike deler av organisasjonen. Møre og Romsdal sitt fortrinn er ikkje å utvikle og forske fram ny teknologi, men å ta ibruk og kommersialisere ny teknologi gjennom raske innovasjonsprosessar og nye forretningsmodellar.

Ved å digitalisere heile eller deler av prosessane i organisasjonane, ser fleire at dette også utfordrar måten bedriftene eller kommunane er leia og organisert i dag. Dette utviklingsbehovet kom tydeleg fram frå næringslivet i dialogmøta.

Klynger og bedriftsnettverk

For å henge med i utviklinga krev det at bedrifter og kommunar er i stand til å hente kunnskap ein ikkje har i dag, og anvende denne i eigen organisasjon. Samstundes er knappe ressursar, struktur og metodikk for innovasjonsarbeid ei utfordring. Knappe ressursar gjeld både kapital og personell. Næringsklynger og bedriftsnettverk har ei viktig rolle i å dele kunnskap og mobilisere til utvikling som enkeltbedrifter ikkje klarer åleine. Virkemiddelapparatet må vere proaktive og møte bedrifter og kommunar på arenaer for å mobilisere til innovasjonsarbeid. Samtidig må virkemiddelapparatet gjere virkemidlane meir oversiktlege og tilgjengelege.

Entreprenørskap og innovasjonsmiljø

Entreprenørskap er avgjerande for å omstille og utvikle Møre og Romsdal. Dette gjeld like mykje i offentleg som privat sektor. Det er rask kunnskapsutvikling innanfor mange område, og det trengs ny kunnskap og nye initiativ. Møre og Romsdal har eit godt system for entreprenørskap, frå førstelinetenesta hoppid.no, til næringshagar, inkubatorar, kunnskapsparkear og næringsklynger. Dette systemet må vi vidareutvikle til endå betre kvalitet, og vere endå betre samkøyrte og lett tilgjengelege.

Kapital

Dei store strukturomstillingane i regionen siste åra, har ført til tap av mykje privat kapital. Samtidig er det stort behov for innovasjons- og omstillingsarbeid, og nyetableringar. Det er derfor stort behov for offentleg medfinansiering for å støtte opp under utviklingsarbeidet. Dei seinare åra har dei statlege overføringane av regionale utviklingsmidlar gått kraftig ned. Vi må derfor i endå sterkare grad medverke til at privat og offentleg sektor kan kome i posisjon for nasjonale og internasjonale støtteordningar.


Campusutvikling

Campusane knytt til universitet og høgskular er viktige nav i FoU – aktivitetane og skal styrkast ved å bygge på regionale fortrinn. Målet er å etablere ein SFI (Senter for forskningsdrevne innovasjon) ved Campus Molde innan digitalisering (muliggjerande teknologiar, logistikk og nye foretningsmodellar), og ein SFI innan marine ingrediensar ved Campus Ålesund.

Det er initiativ i gang for oppretting av TTO på Høgskulen i Molde, og arbeidet med å bygge opp ein kunnskapspark i Volda pågår. Campus Kristiansund er under oppbygging og skal bli ein felles arena for høgare utdanning, forskning og innovasjon på Nordmøre. CKSU skal stå ferdig i 2022 i sentrum av Kristiansund, med midlertidig etablering frå 2020.

Avtalen for 2018

Mål og satsingar i FoU-strategiane ligg til grunn for avtalen.



Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Forskningsrådet og SIVA skal i 2018:

- Mobilisere til auka forskings- og innovasjonsaktivitet i privat og offentlig sektor gjennom å arrangere, og delta på møteplassar i heile fylket.
- Vere pådrivar for søkerane i å utvikle prosjekt, og bruke vår kompetanse til å finne riktige virkemiddel for prosjekta
- Skape koplingar på tvers av bransjar og kunnskapsområde for å utvikle nye produkt og tenester
- Prioritere innsats og virkemiddel på kunnskapsområde og bransjar som styrker regionen sin posisjon nasjonalt og internasjonalt
- Det regionale virkemiddelapparatet skal bruke nasjonale fora for å synleggjere regionale behov i nærings- og arbeidslivet i Møre og Romsdal
- Støtte opp under klyngeprosjekta i Møre og Romsdal som virkemiddel for å spreie kompetanse til bedrifter og kommunar i Møre og Romsdal, særleg knytt til digitalisering og rask transformasjon
- Legge til rette for at næringslivet kan vere med å løyse utfordringar i offentlig sektor gjennom å fasilitere møteplassar og prosessar
- Vidareutvikle og styrke campusane i Ålesund, Molde, Volda og Kristiansund gjennom samspel med arbeidslivet, tydeleg fagleg identitet og relevante kunnskapskoplingar nasjonalt og internasjonalt.
- Stimulere til vekst i næringslivet gjennom nye klyngeprosjekt og bedriftsnettverk
- Vere aktive medspelarar i utviklingsarbeidet på Nordmøre
- Arbeide strategisk med utvikling av regionen gjennom Partnerskap for kompetanse og verdiskaping
- Arbeide for sterkare forskingsmiljø basert på eksisterande miljø i fylket

Særskilte forventingar til Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Starte opp ei brei satsing for utviklinga og posisjonering av Møre og Romsdal, «Møre og Romsdal 2025», i tett samarbeid med aktørar i fylket
- Arbeide strategisk saman med regionråda, Mørebenken og regional stat for å få lokalisert fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal
- Vidareutvikle systemet for entreprenørskap i samarbeid med aktørane i innovasjonssystemet i fylket, og lære av andre regionar i EU.
- Løfte innovasjonsaktiviteten på Nordmøre gjennom å
 - Vidareutvikle studietilbod, arbeide med kunnskapspark på Campus Kristiansund og auke forskingsaktivitet
 - Finansiere ei to-årig prosjektstilling i Innovasjon Norge lokalisert i Kristiansund, med ansvar for Nordmøre
- I fellesskap med næringsaktørar, Innovasjon Norge og fylkesmannen, sette i gang ei 3-årig satsing på «Reiseliv, mat og kultur».
- Auke marin nyskaping, mellom anna prosjekt og forskning for auka kunnskap om industriell dyrking av mikro- og makroalgar.
- Støtte opp arbeidet med etablering av «Det digitale havrom» gjennom finansiering av forprosjekt og deltaking i styringsgruppe
- Utvikle metodikk gjennom prosjekt for innovative og kostnadssparande offentlege løysingar, og leverandørutvikling
- Mobilisere til innovasjonsprosjekt mellom bedrifter og forskarar, gjennom MobPro og Regionalt forskningsfond Midt-Norge

Særskilte forventingar til Innovasjon Norge

- Medverke til å hente midlar frå nasjonale program i Innovasjon Norge til bedrifter i Møre og Romsdal for realisering av FoU-strategiane, med særleg vekt på ordningane Miljøteknologi, Bedriftsnettverk og Innovasjonskontrakt
- Mobilisere og foredle fleire nyetableringar og innovasjonsprosjekt i distriktsområda
- Løfte innovasjonsaktivitet på Nordmøre.
Fylkeskommunen overfører 2,4 mill kroner til Innovasjon Norge øyremerka ei to-årig satsing med tilsetjing av ein person i Kristiansund, som førstelinje for Innovasjon Norge på Nordmøre og medspelar i utviklingsteamet i Kristiansund (fylkeskommunen og innovasjonsmiljøa)
- Aktiv deltaking i prosjektet «Reiseliv, mat og kultur», og medverke til nye utviklingsprosjekt for bedriftene.
- I samarbeid med fylkeskommunen og Forskningsrådet mobilisere til etablering av innovasjonspartnerskap mellom bedrifter og offentleg sektor
- Bevisstgjere og arbeide for betre kjønnsbalanse i dialogen med næringslivet

Frå Partnerskapsavtalen for hoppid.no

- Halde hoppid.no-nettveket informert om Innovasjon Norge sine virkemiddel og tenester
- Delta og bidra ved regionale møteplassar og arrangement for gründarar og etablert næringsliv
- Følgje opp og hjelpe gründerbedrifter med stort vekstpotensial over i kommersiell fase
- Legge til rette for at våre innovasjonsmiljø kjenner Innovasjon Norge sine internasjonale tenester

Særskilte forventingar til Forskningsrådet

- Medverke til å bygge kapasitet i, og samarbeid mellom, forskingsmiljøa på kunnskapsområde som er spesielt relevant for næringslivet i regionen.
- Vere involvert i prosesser som har til hensikt å etablere SFI status og infrastrukturprosjekt, spesielt muleggjerande teknologiar og biomarin næring
- Støtte opp arbeidet rundt etablering av «Det digitale havrom»
- Medverke til at bedrifter, kommunar og kunnskapsmiljø får kjennskap og tilgang til nasjonale og internasjonale virkemiddel for forskning og innovasjon
- Fasilitere Forskningsforum Møre for strategisk samarbeid mellom forskingsinstitusjonane i fylket
- Mobilisere fleire bedrifter og kommunar til å ta i bruk systematisk og forskingsbasert innovasjon i sitt utviklingsarbeid
- I samarbeid med Innovasjon Norge og fylkeskommunen mobilisere til etablering av innovasjonspartnerskap mellom bedrifter og offentleg sektor
- Arbeide tett på klyngeprosjekt for å mobilisere bedriftene i klynga til å sette i gang fleire utviklingsprosjekt

Særskilte forventingar til SIVA

- Tett dialog med fylkeskommunen både i utvikling og oppfølging av SIVA si programverksemd i Møre og Romsdal. Dette gjeld næringshageprogrammet der KMD og fylkeskommunen er programeigar og inkubasjonsprogrammet som blir finansiert av NFD, KMD og LMD
- Vere med i utviklingsprosjekt og i å vidareutvikle infrastruktur for innovasjon og entreprenørskap i Møre og Romsdal gjennom kompetanse, nettverk og kapital.

Oppfølging av avtalen

Avtalen gjeld for kalenderåret 2018. Avtalen vil bli revidert årleg. Aktørane møtest jamleg i Partnerskap for Kompetanse og Verdiskaping, og status og oppfølging av samarbeidsavtalen vil vere tema i kvart møte. I tillegg skal det og vere eitt regionalt møte mellom fylkeskommunen si leiing og verkemiddelapparatet si sentrale leiing, og to nasjonale møter. Partane forpliktar seg til å følgje opp samarbeidsavtalen gjennom sine egne planar.

Årshjul for oppfølging av Regional samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen, Forskningsrådet, Innvoasjon Norge og SIVA

Årshjulet kombinerer strukturen for dialog mellom virkemiddelaktørane og Partnerskap for kompetanse og verdiskaping.

- Mars: Nasjonale temamøte. Møter nasjonalt, der virkemiddelaktørane si leiing deltar
- April/mai: Regionale møter. Det regionale partnerskapet, politisk leiing og virkemiddelaktørane si sentrale leiing.
- August/September: Møte i partnerskapet. Tema informasjonsutveksling, innspel til nasjonale temamøte okt/nov
- Oktober/november: Nasjonale temamøte. Erfaring frå årets satsingar, diskusjon om muligheter i komande periode.
- Desember: Møte i partnerskapet. Tema informasjonsutveksling, rullering av regional samarbeidsavtale, innspel til nasjonalt temamøte i mars.



Bergljot Landstad
regional- og næringssjef
Møre og Romsdal fylkeskommune



Bodil Hollingsæter
Direktør
Innovasjon Norge Møre og Romsdal



Arthur Almestad
Regionansvarlig, Møre og Romsdal
Norges forskningsråd



Mette Rønning
Seniorrådgiver innovasjon
Siva